



Sakspapir

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Formannskapet	10.06.2015	042/15
Kommunestyret	17.06.2015	045/15

Arkiv: K2 - C50

Arkivsaknr: 13/1501 - 32

Sakshandsamar: Andreas Kårbø

Grunnavståing av friområde - Nothengjo Hellesøy - Godkjenning av grunnavtale og oppgjør for grunn

Kort om saka:

Nærmiljøutvalet i Bakken Krins har vendt seg til kommunen gjennom prosjektet «liv og lyst» for å få avklaringar i samband med eigarskap for Nothengjo på Hellesøy. Krinsen arbeidar no med å få løyst eigarskapet til Nothengjo med tanke på restaurering/istandsetjing. Dette krev medverknad frå kommunen angående grunneigarar på definert friområde.

Dokument vedlagt saka:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
19.02.2015	Nothengjo - Underskrivne avtalar mellom Øygarden kommune og grunneigar	152400
19.02.2015	GNR/BNR 9/4 - Underskriven avtale	152401
19.02.2015	GNR/BNR 9/5 - Underskriven avtale	152402
19.02.2015	GNR/BNR 9/10 - Underskriven avtale	152403
19.02.2015	GNR/BNR 9/11 - Underskriven avtale	152405
08.06.2015	VS Avtaleutkast friområde Hellesøy. - Stadfesting Egil Svellingen 8.juni 2015	160915
08.06.2015	VS Hengjo. stadfesting Dag Nødtvedt - grunneigararne sin advokat 8.juni 2015	160916
08.06.2015	VS Avtaleutkast friområde Hellesøy. - Stadfesting Egil Svellingen 8.juni 2015	160915
08.06.2015	VS Hengjo. stadfesting Dag Nødtvedt - grunneigararne sin advokat 8.juni 2015	160916

Aktuelle lover, føresegner, avtalar, planar:

Kommuneplanen seier under avsnittet levande bygder at kommunen må ha attraktive bustad., friluft og fritidstilbod.(s.9) Me ønskje levande bygdesamfunn med aktivitetar og fritidstilbod også utanfor tettstadane. Til dette treng me hjelp og medverknad frå

innbyggjarane og ikkje minst bistand få regionale samarbeidspartnarar, næringsliv og ekstrene fagmiljø.

Saksopplysningar:

I februar 2013 fekk Nærmiljøutvalet på Bakken tilsegn på midlar til eit ettårig «liv og lyst» prosjekt. Prosjektet skal etablera varige strukturar som gir god bukvalitet, engasjement, utvikling og varige arbeidsplassar i 5334 Hellesøy (henta frå søknaden). Øygarden kommune har løyvd kr. 30 000,- pr.år (2013-2015) til prosjektet.

Kulturleiar Bernt Hjørnevik etterfølgt av Christel Møvik-Olsen og politikar Silvia Haugland er medlem av styringsgruppa som representantar frå Øygarden kommune. I mars 2013 vart det gjennomført eit møte i styringsgruppa der ein tok for seg søknaden og innhald, først og fremst knytt til aktivitetar. Ein har i prosjektet definert ulike næring- og bulystprosjekt. Hordaland fylkeskommune vitja prosjektet i april i år. Tilbakemeldingane frå fylket var udelt positive, både når det gjeld organisering, administrering og inkludering av alle innbyggjarane i krinsen. At kommunen deltek aktivt vart og fremja som eit godt føregangsdøme for andre tilsvarande prosjekt.

Det er eit stor engasjement for prosjektet i krinsen. Dette har kome tydeleg fram i samband med avvikling av fleire folkemøter.

Eit av dei mange store prosjekta, er å avklara eigarskap til Nothengjo og området som no er regulert som «friområde» gjennom reguleringsplanen for Hellesøy. Formålet med Nothengjo i samband med «liv- og lyst» prosjektet, er å få avklart tilhøva kring Nothengjo. Dette for å kunne restaurera bygningen, og utvikla framtidige aktivitetar i samråd med alle interessentar.

Representantar frå Bakken nærmiljøutval møtte kommunen (ordførar, einingsleiar teknisk drift og service og kulturleiar) og Kystmuseet i møte, for å diskutera korleis kome i gong med prosessen knytt til Nothengjo. Dette møtet vart oppfatta som positivt. Med dette som utgangspunkt inviterte Bakken Nærmiljøutval grunneigarar til eit felles informasjonsmøte 1.juni. Ordførar Otto Harkestad møtte også.

Dette møtet vart opplevd som positivt for alle partar. For mange av dei impliserte grunneigarane var det viktig å få «snakka ut» om historia bak, og det var mange klare meiningar om Nothengjo. Grunneigarane er samde i at kommunen overtek, men ein forventar å verta handsama med respekt. Alle partar er innforstått med at det ikkje er store økonomiske vinstar å henta, men det kan vere andre praktiske utfordringar - noko ein skal sjå på i slutfasen.

Eigar av Nothengjo har stadfesta på e-post til Bakken nærmiljøutval, at Nothengjo vert overdregen vederlagsfritt til Bakken / Øygarden kommune dersom alle er samde. Det ligg ein del materiale/kledning/takplater etter spesifikasjon frå fylkeskonservator på loftet i Nothengjo. Dette følgjer med ved ei eventuell overdraging.

Ved overdraging av Nothengjo aktuelle grunneigarane i det no definerte friområdet løysast ut. Øygarden kommune har tidlegare fått kr. 100 000,- i øyremerka/bundne midlar i tilskot frå Hordaland Fylkeskommune, knytt til arbeid og restaurering av Nothengjo.

Formannskapet må gje ordførar mandat/løyve til å kalla inn til møte for aktuelle

grunneigarar, og framforhandla ein avtale som inneber at kommunen overtek eigarskapet til områda der Nothengjo står, noko som i reguleringsplanen er merka «friområde».

Økonomiske konsekvensar:

Det vil koma kostnadar med å kjøpa ut grunneigarane. Summen er ikkje avklart på noverande tidspunkt, men vil vere overkommeleg for alle partar.

Miljøkonsekvensar:

Ei eventuell overdraging av Nothengjo vil medføra at den vert og restaurert og teken vare på, slik at den kan nyttast til t.d. kulturformål/galleri/utstilling.

Folkehelseperspektiv:

Det er eit brennande, positivt engasjement i krinsen, noko som inkluderer små og stor til dugnadsarbeid.

Vurdering og konklusjon:

Det har gjennom mange år vore diskusjonar rundt eigarskap knytt til sjølve Nothengjo, men også grunneigarspørsmåla. Etter at reguleringsplanen for Hellesøy Hamn vart vedtatt, verkar det som om alle partar no er innforstått med å finna ei løysing som alle kan forhalde seg til. Alle partar er klar på at Nothengjo vert stilt til Bakken nærmiljøutval sin disposisjon, etter at området er overdratt til Øygarden kommune. Det er viktig å få avklart grunnsørsmåla, slik at Bakken nærmiljøutval kan starta arbeidet med sjølve restaurering av Nothengjo.

Prosjektgruppa for «liv og lyst» vil snarast etter ferien, møta kommunen, museet og eventuelt andre, med tanke på oppstart av arbeidet med sjølve restaureringa av kulturminnet.

Formannskapet må gje ordførar mandat/løyve til å kalla inn til møte og forhandla med grunneigarane for å kjøp. Øygarden kommune vert ved ei overdraging eigar av området.

INNSTILLING TIL VEDTAK:

Øygarden formannskap gjev ordførar mandat til å starta forhandlingar med grunneigarane på definert friområde der Nothengjo på Hellesøy står. Mandatet inneheld:

1. Ordførar får mandat til å avklare eigarforholda med tanke på å kjøpa ut området frå grunneigarar med frist 30.09.2013.
2. Om ein ikkje kjem fram til avtale om å innløysa grunneigarane vil kommunen starta arbeidet med å ekspropria området snarast. Ved eventuelt kjøp vert kommunen eigar av området.

03.07.2013 Formannskapet

Samrøystes vedtak i samsvar med innstillinga.

FS-049/13 Vedtak:

Øygarden formannskap gjev ordførar mandat til å starta forhandlingar med grunneigarane på definert friområde der Nothengjo på Hellesøy står. Mandatet inneheld:

1. Ordførar får mandat til å avklare eigarforholda med tanke på å kjøpa ut området frå grunneigarar med frist 30.09.2013.

2. Om ein ikkje kjem fram til avtale om å innløysa grunneigarane vil kommunen starta arbeidet med å ekspropria området snarast. Ved eventuelt kjøp vert kommunen eigar av området.

Nye opplysningar i saka 13.03.2015

Ein har no lukkast å koma fram til ein avtale med eigarane av grunnen til «Nothengjo» på Hellesøy. Kommunestyret vert i denne saka invitert til å godkjenna avtalane og vedta budsjettendring for utbetaling av erstatning samt dekking av utgiftene i samband med salet.

Saksopplysningar:

I brev av 16.12.2014 frå grunneigarane sin advokat vart det meldt om at ein har godteke avtaleutkastet i samband med overtaking av eigedommen for «Nothengjo» på Hellesøy. Etter ein lang prosess lukkast ein å koma fram til ei minneleg løysing for denne grunnavståinga.

Som Bakgrunn og formål for avtalen heiter det:

1. Bakgrunn og formål

Ved reguleringsplan vedtatt 9.11.2011 er fellesareal tilhørende Grunneierne regulert til offentlig friområde. Med areal lik omriss av bygg er «Nothengjo» avsatt til «særskilt angitt bygning» med omsynssone bevaring. «Nothengjo» eies ikke av grunneierne.

Partene er enige om at Øygarden kommune erverver Grunneiernes del av det regulerte friområdet inkludert grunnen under «Nothengjo», som avgrenset i uskiftningsforretning fra 1975, på de vilkår som fremgår av denne avtale.

Det er i avtalen knytt ein del vilkår til bruk av området.

I avtalen heiter det:

2. Vilkår for bruk av området

- 2.1. ØK skal stå som eier av det innløste friområdet, som skal opprettholdes som regulert friområde i fremtiden.
- 2.2. «Nothengjo» skal sikres og vedlikeholdes i samsvar med reguleringsformålet som bevaringsverdig fornminne. Både bygningsendringer og bruk skal skje innenfor reguleringsformålet, hvor det primære er bevaring av eksisterende bygg.
- 2.3. Restaurering og eventuelle endringer skal skje etter råd fra vernemyndighet. Eventuelle planer for opprusting skal oversendes vernemyndighet til uttale.
- 2.5. Bruk av «Nothengjo» skal ikke baseres på kommersiell drift. Eventuelle leieinntekter skal gå til vedlikehold og drift av bygningen.
- 2.6. Det opprettes en stiftelse som skal eie og disponere bygningen. ØK og/eller Kystmuseet skal være representert i stiftelsens styre.
- 2.7. Arealet rundt «Nothengjo» skal nyttes i samsvar med det regulerte formålet.

Veitilkomst for «Nothengjo» kan opparbeides over friområdet under forutsetning av tillatelse etter gjeldende lovgivning.

Vederlaget for grunnavståinga er på kr. 150.000,-

I avtalen heiter det:

3. Vederlag

Som fullt og endelig oppgjør for grunnen som avstås betaler ØK en sum av kr 150.000,-, som utbetales mot heftefritt skjøte fra alle sameierne. Beløpet inkluderer også kompensasjon for manglende innbetaling av fastsatt festeavgift.

Beløpet betales til en felles deponeringskonto, med mindre ØK mottar en omforent fordelingsnøkkel godkjent av samtlige sameiere. Betaling skjer pr 30 dager mot tinglyst skjøte på arealet. Øk bærer kostnadene med fradeling /matrikulering og tinglysing av hjemmelsoverføring.

Det er og utgifter knytt til juridisk bistand.

I avtalen heiter det:

7. Juridisk bistand

Øk dekker Grunneiernes utgifter til juridisk bistand i forbindelse med denne avtalen.

Økonomiske konsekvenser:

Kjøpesummen av grunnen er sett til	kr	150 000,-
Frådeling-, matrikulering og tinglyskingskostnader :	kr	43 000,-
Juridisk bistand:	kr	20 000,-
Totalt:	kr	213 000,-

Kjøpesummen er i avtalen sett til kr 150 000,-

Det vill verta påført nokre kostnader med juridisk bistand ved slutføring av salet.

Rådmannen har starta prosessen med frådeling av arealet. Kostnaden med dette samt tinglysing av dokumenta vil føra til ein kostnad på kr 43 000.

I tillegg til dette vart det belasta kr 54 750 i 2014 til juridisk hjelp for gjennomføring av forhandlinger og avtaleutforming. Utgiftene vart ført på drift.

Vurdering:

Øygarden Formannskap har våre positive til å løyse inn denne eiendommen for å sikra det kulturminnet som «Nothengjo» på Hellesøy er for Øygarden kommune.

Med bakgrunn i dette har ein slik rådmannen ser det, no komen fram til den avtalen som er mogeleg å få til som ei frivillig avtale. Rådmannen må imidlertid koma med ein del merknadar til avtalen som ikkje er optimalt.

Rådmannen har ikkje merknadar til pkt. **1 Bakgrunn og Føremål** - i avtalen.

Pkt. 2 – Vilkår og bruk av Området

I pkt. 2.6 heiter det:

2.6. Det opprettes en stiftelse som skal eie og disponere bygningen. ØK og/eller Kystmuseet skal være representert i stiftelsens styre.

Oppretting av ei stifting er lovregulert tiltak gjennom Stiftelses lova.

I «Stiftelsesloven» heiter det:

§ 2. Definisjon

Med stiftelse forstås en formuesverdi som ved testament, gave eller annen rettslig disposisjon selvstendig er stilt til rådighet for et bestemt formål av ideell, humanitær, kulturell, sosial, utdanningsmessig, økonomisk eller annen art. En rettsdannelse som oppfyller vilkårene i første punktum, er en stiftelse etter denne loven, uavhengig av om den er betegnet som legat, institusjon, fond eller annet.

Oppretting av ei stifting gjev både juridiske og økonomiske konsekvensar.

Det er ikkje lagt opp til at det er Øygarden kommune som har ansvar for oppretting av stiftinga. Avtaleteksten med grunneigarane legg opp til at ØK og/eller kystmuseet skal vera representert i styret for stiftinga. Dette ser rådmannen som uproblematisk. Rådmannen meiner at det er naturleg at det er kystmuseet som er representert, men rådmannen har ikkje mynde til å utpeika kystmuseet for representasjon i eit «stiftelses styre». Ein må imidlertid peika på at det lokale engasjementet vil vera naudsynt for å halda liv i dette prosjektet. I e- post til kommunen den 16. mars 2015 vert det klart at det kan synes som om engasjementet er tilstades, då Terje Nilsen på vegner av Hengjos Venner skriv: *vi er klar for å være med å stifte og drive en stiftelse som har som mål å bygge og drive Hengjo slik det kommer frem av avtalen. Vi ser frem til å komme videre og ber om forslag til fremdriftsplan eventuelt et møte for å legge opp fremdriften.*

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen meiner at vederlaget på kr 150.000 er ein høg sum, sett ut frå ein norm m2 pris for liknande andre område. Utkast til ein avtale var på kr 40.000, med følgjande vurdering:

«Utkast til avtale legg opp til ei grunnerstatning på kr 10.000 pr.eigedom. Det er 4 eigedomar. Dette gjev ei total erstatning på kr 40.000 for heile arealet. Arealet er på 2403 m2. erstatninga gjev då kr 16,64 pr. m2. Arealet er i reguleringsplan sett av til friområde. Det siste arealet som Øygarden kommune har erverva i dette området er areal til gravplass. Der betalte Øygarden kommune kr 20 pr m2

For Kvernebekken – Torsvik vart det ein dom på erstatningsbeløpa. Her varierte det frå kr 1 til kr 60 avhengig av kva type areal det var.

For ein del areal av spesiell karakter har Øygarden kommune gjeve erstatning etter takst. Dette gjeld i hovudsak nausttomtar som kjem i berøring med kommunal utbygging. Desse har vorte oppgjord etter takst.

For friområdet i Oen vart det i skjønn tilkjent ei erstatning på kr 3 pr. m2.

Med bakgrunn i dette er det etter underteikna si vurdering eit generøst tilbod ein gjev gjennom denne avtalen. Området har svert avgrensa bruk i reguleringsplan for Hellesøy hamn.

Sett ut frå tidlegare skjønnsaker og normal praksis for grunnerstatning ville dette vore i meir høveleg pris for arealet.

På den andre sida ville dei totale kostnadane ved ei eventuell skjønnsak langt overstiga kr 150 000. Det medfører at dei totale kostnadane for Øygarden kommune ved ei frivillig avtale er rimelegare en å gå gjennom ei skjønn sak for å få tilgang til friarealet..

Tiltaket vert føreslått finansiert med inndekning frå disposisjonsfondet med kr 220.000. Med bakgrunn i rådmannen si utgreiing vert det ikkje i denne saka sett av midlar til vidare tiltak for «Nothengjo». Om kommunestyret slutter seg til avtalen vert det opp til andre å oppretta stifting.

Det ligg ingen økonomiske bindingar utover det som kjem fram i denne saka. Noko anna er at det kan liggja økonomiske forventningar om at kommunen er positiv til økonomiske bidrag i samband med rehabilitering og andre formål kring utvikling av område rundt sjølve «Nothengjo».

I kommuneplanen s. 9 står det under avsnittet levande bygder, at kommunen må ha attraktive bustad, friluft og fritidstilbod. Me ønskje levande bygdesamfunn med aktivitetar og fritidstilbod også utanfor tettstadane. Til dette treng me hjelp og medverknad frå innbyggjarane og ikkje minst bistand få regionale samarbeidspartnarar, næringsliv og eksterne fagmiljø.

Fylkeskommunen har til no vore med å støtta Liv og lyst prosjektet på Hellesøy. Om kommunestyret sluttar seg til avtalen med grunneigarane har kommunen bidrege til at ein kan tiltre arealet og på den måten få tilgang til Nothengjo. Vidare er det i budsjettet for 2015 lagt inn kr 500 000 som bidrag til realisering av Hellesøy kai, snuplass i samarbeid med Statens vegvesen. Om kommunestyret godkjenner avtalen vert det opp til Hengjos venner å opprette og drive ei stifting, som skal eiga og disponera Nothengjo slik det kjem frem av avtalen som er gjort med grunneigarane.

INNSTILLING TIL VEDTAK:

1. Øygarden kommunestyre vedtek godkjenning av grunnavtalane med gr.nr.9 br.nr.4,5,10 og 11 om overtaking av grunn for «nothengjo» på Hellesøy.
2. Øygarden kommunestyre vedtek å bruka kr 220.000 frå disposisjonsfondet til dette prosjektet. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføra naudsynte omkonteringar.
3. Øygarden kommunestyre stiller arealet til rådvelde på vilkår av at det vert oppretta ei stifting som skal eige og disponera bygningen «Hengjo» og med Øygarden kommune eller kystmuseet som representant i styret for stiftinga.

HANDSAMING I Formannskapet 25.03.2015

Fellesforslag frå formannskapet:

Formannskapet er ueinig i punkt 3 vedrørande oppretting av stifting. Formannskapet ber rådmannen ta kontakt med eigar av Hengjo få å finna ei anna løysing, som til dømes er at Kystmuseet står som eigar av Hengjo.

Saka vert usett.

Røysting: Forslaget vart samrøystes vedteke.

FS-020/15 Vedtak:

Formannskapet er ueinig i punkt 3 vedrørende oppretting av stifting. Formannskapet ber rådmannen ta kontakt med eigar av Hengjo få å finna ei anna løysing, som til dømes er at Kystmuseet står som eigar av Hengjo. Saka vert usett.

Nye opplysningar i saka 8. juni 2015

Etter formannskapet sendte saka tilbake til administrasjonen, har det teke svært lang tid å få avklart med grunneigarane om det kunne akseptrast at Kystmuseet som stifting vart eigar av Hengjo. Den 25.03.15 sendte kommunen sin advokat brev til grunneigarane sin advokat om det var muleg å finna ei ny løysing i saka. Vidare har kommunen vore i kontakt med Kystmuseet for å høyra om dei var villig til å ta over Hengjo.

Etter fleire purringar kom det 08.06.15 positiv stadfesting om at alle grunneigarar er positiv til at Hengjo leggjast inn under Kystmuseet/Museum Vest.

Den 27.04.15 skriv dagleg leiar Bjørg Christophersen at museet er positiv til spørsmålet om «Nothengja» kan gå inn som ein del av Stiftelsen Kystmuseet sitt ansvar og eigedom. Det fornuftige med å la Hengjo gå inn i stiftelsen Kystmuseet i Øygarden sin portefølje, er å få samla bygningar som har kulturminneverdi og som det offentlege går inn med økonomisk støtte til i ein stiftelse. Til sjuande og sist er det Øygarden kommune som eig alt som høyrer inn under museet. Dermed sikrar vi at viktige kulturminne vert teken vare på som ein ressurs for framtida.

I vedtektene til Kystmuseet § 2. står det under eigartilhøve: *«Øygarden kommune er eigar av museumsanlegget. Kystmuseet i Øygarden Museumsanlegget "Kystmuseet i Øygarden" omfattar bygningar og anlegg tilhøyrande gnr. 43 bnr.19 og 16 og samlingar knyta til museet. (Bjørg Chistophersen legg til denne kommentaren, gjeld også andre også bygningar) Stiftinga Kystmuseet i Øygarden skal hegna om, fremja og utvikla museet med eit kulturhistorisk utgangspunkt knytt til kystkulturen i Hordaland»*

Formålet med museet er:

«Museet skal ha ein desentralisert profil og verna, dokumentere, driva forskning og spreia kunnskap om kulturhistorie, kulturminne og kulturlandskap i kyststroka i Hordaland. Museet skal formidla saga om Øygarden og kyststroka i Hordaland, og vidare peika på samanhengen mellom miljø- og ressursgrunnlag og kulturutvikling.»

Bjørg Christophersen skriv vidare at ansvar for Nothengjo vil klart liggja inn under kva som er definert inn under eigartilhøve og kva som er formålet med museet. Kystmuseet har i dag fleire gamle bygningar med verneverdi: som til dømes to eldre våningshus, to naust, sjøbua, to sauefjøs m.m.

Saka er diskutert med styreleiar Per Morken i Stiftinga Kystmuseet, og med direktør Stig Stark Johansen i Museum Vest. Begge stettar forslaget om å la Nothengjo gå inn som ein del av Stiftinga Kystmuseet i Øygarden si eigedom.

Vurdering og konklusjon:

Grunneigarane har no godkjent at det ikkje er trong for å laga ein eiga stifting for Hengjo. Dei er positive til at kystmuseet tek over Hengjo. Kystmuseet er ei stifting og soleis vert den avtalen som allereie ligg føre gyldig, med tilleggsuttale og godkjenning frå grunneigarane sin advokat.

Kystmuseet er positiv til å ta over Hengjo, og i følgje uttale frå dagleg leiar har ho tru på å få laga ein samarbeidsavtale med venneforeininga på Hellesøy om korleis Hengjo kan takas i bruk og nyttas. Når det gjeld bruk og vern av Hengjo, vil det komma føringar frå vernestyresmaktane på kva som er god løysing når det gjeld vidare bruk og påbygging.

Rådmannen meiner at saka no har funne ei god løysing, og innstiller på godkjenning av grunnavtalane med overtaking av grunn for «Nothengjo» på Hellesøy. Vidare at kommunestyret stillar arealet til rådvelde på vilkår av Kystmuseet tek over Hengjo, etter ønskje frå både grunneigarar og Kystmuseet/Museum Vest.

1. **Innstilling til vedtak/tilråding:**
2. Øygarden kommunestyre vedtek godkjenning av grunnavtalane med gr.nr.9 br.nr.4,5,10 og 11 om overtaking av grunn for «Nothengjo» på Hellesøy.
3. Øygarden kommunestyre vedtek å bruka kr 220.000 frå disposisjonsfondet til dette prosjektet. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføra naudsynte omkonteringar.
4. Øygarden kommunestyre stillar arealet til rådvelde og vil oppfylle vilkår frå grunneigarane om at Nothengjo går inn i porteføljen til Stiftinga Kystmuseet i Øygarden/Museum Vest, som eig og skal disponera bygningen.

10.06.2015 Formannskapet

FS- 042/15 Vedtak:

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

17.06.2015 Kommunestyret

Samrøystes vedtak i samsvar med innstillinga.

KS- 045/15 Vedtak:

1. Øygarden kommunestyre vedtek godkjenning av grunnavtalane med gr.nr.9 br.nr.4,5,10 og 11 om overtaking av grunn for «Nothengjo» på Hellesøy.

1. Øygarden kommunestyre vedtek å bruka kr 220.000 frå disposisjonsfondet til dette prosjektet. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføra naudsynte omkonteringar.
1. Øygarden kommunestyre stillar arealet til rådvelde og vil oppfylle vilkår frå grunneigarane om at Nothengjo går inn i porteføljen til Stiftinga Kystmuseet i Øygarden/Museum Vest, som eig og skal disponera bygningen.

Siri Fahlvik Pettersen
Rådmann

Andreas Kårbø
Sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.